


fra fjord og fjære

Julenummer av Kyrkjelydsbladet Helg og Yrke - Julia 2021



Julehelsing frå prosten



Ei berekraftig forteljing

Så kjem ho til oss igjen, forteljinga som har lydd i over 2000 år. Forteljinga om tenåringsmora som fekk sin førstefødde, sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei. Forteljinga om den unge mannen som såg at kjærasten var med barn. Det er no ikkje så godt å skjule. Mannen som fekk englebesök med melding om at barnet som jenta bar på, var av Den heilage ande, og som fekk i oppgåve å gje namn til barnet.

Di forteljing

Våre forteljingar er viktige. Korleis lyder di forteljing? Kva seier di forteljing om deg og kven du er? For meg var det kjekt å høre mor mi fortelje om korleis det gjekk føre seg då eg vart fødd. Høre om forventningane til den vesle guten, og kjenne at dette er ein viktig del av mi vesle historie.

Ver ikkje redde

Opp i år har barn teke del i ei enkel dramatisering av den store forteljinga. Julevandringane er ei god førebuing til den store høgtida. Her får barna vere deltakarar og fylge stjerna på veg til det spesielle barnet. Dei vandrar på veg til ei open kyrkje. Etter ei nølande banking på døra, møter dei presten som med blid englerøyst helsar: Ver ikkje redde, kom berre inn! Så held julevandringa fram, fleire får ta del i den vakre forteljinga og stolte vaksne tek bilet av både englar, gjeterar og andre viktige aktørar. Gode opplevelingar for store og små.

Framleis berekraft?

Og eg undrast – har forteljinga framleis berekraft for moderne menneske? Ei stemningsfull ramme kan ho visst framleis gje og det er godt med noko som held seg frå slekt til slekt i ei tid med dei store endringane. For barna er nok forteljinga framleis viktig, men for oss vaksne – kan den gamle forteljinga ha noko å gje til oss?

Det viktigaste innhaldet?

Eg minnest då vi ein laurdag i desember for fleire år sidan opna Julestallen på Torget på Leirvik. Då formulerte Lars Mæland seg slik: Og midt oppe i det heile står stallen med ei krybbe her, og minner oss om det viktigaste innhaldet i julehøgtida. Eg ønskjer alle ei god førjulstid, ei innhaldsrik julehøgtid, og håpar mange tek seg tid til å stoppa opp i undring her ved julekrybba.

Undring

I undring ved julekrybba. Undring i møte med forteljinga. Eg trur det er då forteljinga syner si berekraft. Kan hende treng du og ei julevandring i den store forteljinga? Finne deg ein plass og kjenne etter kor du er i møte med det store mysteriet: Gud vart menneske og bar namnet Jesus, Herren frelsar. Eg ynskjer deg ei god julehøgtid der du kan la forteljinga røre ved deg. Kan hende treng du å få ho fornya ved å lese, synge eller høre henne? I jula er det mange høve til det.

Juleevangeliet

På julaftan vert juleevangeliet (Lukas kapittel 2, vers 1 – 20) lese i kyrkjene og den gamle forteljinga vert lyfta fram på ulike måtar. Frå fleire kyrkjer vert det og sendt digitalt. Mange les juleevangeliet i heimane. Eg ynskjer deg ei velsigna jul der juleforteljinga kan få plass i di eiga livsforteljing og du kan sjå deg sjølv i lyset frå han som kom frå Gud for å gje deg del i den store julegleda.

Gledeleg jul!

Svein Arne Theodorsen



HELGOG YRKE

Kyrkjelydsbladet vert sendt til alle heimar i Sunnhordland

Redaksjon:

Svein Arne Theodorsen
Hamnegata 48
5411 STORD
Tlf. 53 40 34 30
svein.arne@kyrkja-stord.no

Neste nummer kjem i mai. Frist for innlevering av stoff er 30. april 2022.
Minner om høve til å gje gaver. Denne gongen er giro trykt på neste side, der er kontonummer. Ein kan og nyttar VIPPS: 695088.

Fra fjord og fjære

I Sunnhordland prosti har ein lange tradisjonar for å gje ut «Helg og Yrke» med julenummeret «Fra Fjord og Fjære». Bladet vert sendt til alle heimar i prostiet, opplaget er passert 24 000!

Trong for gaver!


Det meste av arbeidet vert gjort på dugnad. Einaste inntektsposten er gaver. Vi er svært takksame til alle som gjev. Vi ser at vi har trong for fleire gjevarar for framleis å gje ut bladet og senda det fritt til alle. Vi minner om høve til å gje gaver til bladet. På neste side har vi trykt ein giroblankett, her finn du m.a. kontonummer.



Julegåve på vippes

Det er no og høve til å gje ei gåve til «Helg og Yrke» med VIPPS 695088

Nytt om personell i Sunnhordland



Avskjedsgudsteneste Eid kyrkje

Sundag 21. november var det avskjedsgudsteneste i Eid kyrkje. Sokneprest Jan Ove Totland vert pensjonist etter 21 år som sokneprest, dei siste 7 åra i Fjelberg og Eid sokn. Totland leia gudstenesta på ein trygg og god måte og heldt ei inspirerande preike. Han gav uttrykk for stor takksemd for den gode måten han var blitt teken imot på i kyrkjelyden. Halsnøy-røystene song og Marit Lindeklev var organist. Etter gudsteneste var det fleire som nyttar høve til å takka Totland for tenesta. På biletet ser vi frå venstre: Soknerådsmedlem Gunn Judith Dale, organist Marit Lindeklev, soknerådsleiar Heidi E. T. Sjo, klokkar Grethe Svalland, kyrkjetenar Idar Bjørgen, sokneprest Jan Ove Totland og prost Svein Arne Theodorsen.



Innsetjing av sokneprest Carsten Mrusek i Eid kyrkje 28. november

Etter utlysing, søknad, intervju og innstilling frå Fjelberg & Eid og Åkra sokneråd, tilsette Bjørgvin bispedømeråd Carsten Mrusek som sokneprest i dei to sokna. Innsetjinga skjedde i Eid kyrkje på Halsnøy. Prosten leia innsetjinga og soknerådsleiar Heidi T. Sjo leste tenestebrevet frå Biskopen. Carsten leia gudstenesta og heldt ei god preike på fyrste sundag i advent. Han fortalte og om sin eigen veg inn i prestetenesta i vår kyrkje. Fleire ynskja den nye soknepresten velkommen, m.a. kyrkjeverje Torstein Aarthun.

Prostiet:

- Kjetil Kringlebotten er engasjert som sokneprest i Uskedal og Ænes sokn.



Nye medarbeidarar på Stord

På gudsteneste i Nysæter kyrkje 24. oktober vart kyrkjelydspedagog Ingvild Baugstø Almås (til venstre på bildet) og trusopplæringsmedarbeidar Anne Brandvik Nilsen (til høgre) innsette i tenesta. Brynhild Meyer Stautland (i midten) vart takka av for mange års teneste som kyrkjeldspedagog. Ho går over i ny stilling i administrasjonen.

Foto: Barbro H. Andersen



Innlevinga kan vera stor på julevandringane. Eit barn spurte med store auge presten som spela engelen Gabriel: «Var du med fyrste gongen dette hendte?»

PROSTE-E-JØRNET

Send di gåve til:

Helg og Yrke
v/ Tor Langeland
Langlandsvegen 45
5412 STORD
Kontonr. 8420 05 25328

Sats og trykk:

Bladet Sunnhordland
STORD
Opplag: 24 000
Layout:
Jan-Ove Fagerheim



Ei kroppsleg jul

Av Halvor Nordhaug, Biskop i Bjørgvin

Det vart ein underleg julafstan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêr og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til. For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkelig klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til finger-spissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpe-trengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengig av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på

nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud sökjer oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julafstan! Men sjølv dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik,

seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko etterhald.

Så når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vêr trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

**Eg ønsker deg og alle dine
ei glad og velsigna jul!**



**Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss.
Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds
nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko etterhald.**

Betalingsinformasjon

Gåve til bladet

GIRO

Betalingsfrist

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

Helg og Yrke
v/Tor Langeland
Langelandsvegen 45
5412 STORD

Belast konto

Kvittering tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)


Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

< > 8420 05 25328 <6159074905>



Trusopplæring i Sunnhordland

Det vert gjort mykje god trusopplæring i prostiet, der og mange frivillige gjer ei stor og viktig teneste. Her kan du sjå og lesa om noko av det som har hendt i haust.

Etne

Her er bilder fra LysVaken i Skånevik kyrkje. Flott gjeng med jenter som var samla og bidrog med mange oppgåver på gudstenesta 1. Søndag i advent.



Sveio

Tidleg i oktober var ein flokk 9- og 10-åringar frå dei ulike kyrkjelydane i Sveio samla i Førde som deltararar ved "På sporet av Jesus". Dei fekk med seg bibelforteljingar levande fortalt av forteljarar langs ei løype som begynte i Førde kyrkje og gjekk så vidare på turvegane som fører til stranda i Førde. Me avslutta med fest hos Sakkeus, i grillhuset på stranda. Barna var interesserte deltararar og stemninga var god.



Maria Magdalena lar barna få lukta på den velluktande salven



Ei gruppe av gutter er på veg inn i synagogen, som er soknepresten sitt naust ved stranda i Førde.

Stord

LysVaken for 11-åringar er blitt ein årleg happening i våre kyrkjer rundt om i heile landet. I Stord kyrkje hadde me LysVaken helga 20. og 21. november. I Nysæter hadde me samling helga etterpå, den 27. og 28. november med overnatting.

Me møtes i kyrkja på laurdagskvelden til vandring i ei mørk kyrkje der me lærte meir om bønn og om nattverd. Me hadde ulike lysaktivitetar, dans, song og øving til gudstenesta. Me åt kveldsmat og kosa oss med snop og fekk høre historia om Jesus i tempelet som 12-åring.



Denne fekk me vere med å dramatisere under preika i gudstenesta på søndagen. Alle 11-åringane fekk bok under gudstenesta, og det var flott å sjå når dei dansa og song LysVaken-songen framfor alle. Frivillige var med i gjennomføringa saman med dei tilsette. Kjempeskjekke helger der 11-åringen fekk blitt enda betre kjent med kyrkja si.

Ingvild B. Almås



Tysnes

Laurdag 27.11 var det ekstra kjekt med skumringstur sidan me i fyr ikkje kunne ha den tradisjonelle skumringsturen.

Mange born og vaksne kom og ville vera med. Alle hadde med seg lommelykter for det må ein ha når ein skal ut i skogen og leita etter refleksdyr. Nokon fann mange dyr og nokon synest det var kjekt nok å få lysa med lommelykta si.

Det var godt å få komma inn i eit varmt bedehus og få nybakte bollar og varm kakao. Adventslyset vart tent medan me song «Tenn lys». Det er alltid veldig stemningsfullt når borna ber lys rundt til alle bord. Marit hadde laga ein fin andakt, som me alle fekk vera med å bidra med song til.

Takk for alle som kom, og til dei som gjorde ein solid innsats med bollebaking, kakao-koking og servering. God adventstid!

Heidi Hollekim



Kvinnherad

Her ser de den flotte gjengen som var samla til LysVaken i Valen kyrkje i Kvinnherad den første helga i desember. Kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark fortel frå Bibelen. Det var spanande å overnatte i kyrkja.



LysVaken
natt i kyrkja

Sveio

I midten av november møttest 8-åringar frå Sveio sokn til Tårnagenthelg i Sveio kyrkje. Å gå i klokketårnet og sjå på klokkena er eit høgdepunkt for agentane. Det er og spennande å lesa kva som står på klokkena. I Sveio kyrkje står det på den eine klokka «Herren skal vara din utgang og din inngang frå no og til æveleg tid».



Tysnes

Eit lite knippe 4-åringar kom til kyrkja denne onsdagskvelden, det var kanskje litt skummelt for nokon, andre var meir frimodige, men at det kitla litt i magen var me alle einige om. Smittevern og kohortar måtte me ta på alvor, men det fiksa ungane så lett som ingenting, dette kunne dei!

Marit prest fortalte om dei fira fargane som er i kyrkjear og 4-åringane fekk sjå tekstilane med forskjellige farger og symbol. Babydukka blei døypet og fekk namnet Niko, alle var einige om at det var lurt at nokon var med og passa på sidan babyen ikkje kunne noko sjølv. Ikkje huska at han var døypet med vatn eingong.

Heidi samla borna framme og fortalte skapingshistoria med god hjelp av flanellograf og 4-åringane som hadde mange gode forslag på kva Gud hadde skapt. Men det aller, aller finaste er at han har skapt deg og meg. Difor var det veldig naturleg å syngja «Kven har skapt alle blomane». Thorhill kom fram med skattekista og oppi den var det gullpengar med inskripsjonen: «Jesus seier: Den finaste er du.»

Borna fekk utdelt «Kyrkjboka mi» med aktivitetshefte til og litt «godteri». Alle borna fekk tenne sitt lys i lysgloben og så song me «Eg folder mine hender små» før alle gjekk heim kvar til sitt.

Heidi Hollekim



Bømlo

Nestiste helga i november hadde me LysVaken-helg i Bremnes kyrkje. 48 barn var med på ulike aktivitetar; kino i Bømlo kulturhus, pizza, leik og konkurransar.

Tema var å vera lys vakne for oss sjøl, kvarandre og Gud. Filmen me såg hadde fokus på det å vera ein god venn, vera lys vakne for dei rundt oss. Me skal og vera lys vakne for det Gud vil sei oss.



Fitjar

20.- 21. november var det LysVaken i kyrkja vår. 12 born og 4 leiarar fylte kyrkja med liv og røre frå kl. 18 på laurdag, til gudstenesta var ferdig på søndag. Vi leika, konkurrerte, vart kjent med kyrkja og kvarandre, førebudde gudsteneste, åt god lasagne, såg film og åt laurdagsgodt.



Julevandringar

I fleire sokn i prostiet er det tilbod om julevandringar. Med kostyme og dramatiseringar vert born inviterte til å ta del i juleforteljinga. Innlevinga kan vera stor, eit barn spurte presten som spela engelen Gabriel om han var med første gongen dette hendte. Her er nokre bilder fra vandringane i Uskedal kyrkje og Stord kyrkje.



Frivillige medarbeidrarar i Sunnhordland

Fokustema i prostiet i år er: «Frivillige medarbeidrarar.» Her kan du sjå og lesa om noko av det som har hendt.

Felles personalsamling

I forkant av årets prostidag, var tilsette i prostiet samla til felles personalsamling i Nysæter kyrkje. Her fekk vi desse bidraga om frivillig teneste:

- Instrumentelt: Dei frivillige vert spurt om å utføra ei konkret teneste som me gjev dei. Ved kyrkjeverje Liv Kari Bru
- Organisk: Me tek utgangspunkt i dei frivillige og spør kva dei ynskjer å bidra med. Ved prostiprest Reidar Ådnanes

Felles middag

Etter tider med lite fysisk fellesskap, var det godt å kunne samlast 100 i lag til god middag i Solidhuset, dei gav oss og ei særskilt nysteikt kringla til kaffien.

Prostidag

Programmet på prostidagen var variert og godt. Prost Svein Arne Theodorsen ynskja velkommen og introduserte programmet. Kirsti Angvik Frugård, leiar i Sunnhordland Prostiråd hadde ei tankevekkande opning. Her fylgjer litt om opplegget:



1. Rekruttering og motivasjon til teneste

Harald Lindevik frå Etne delte frå eigne erfaringar frå lang frivillig teneste og fortalte om kva som hadde motivert han.

2. Initiativ frå frivillige

Her fekk vi høre døme på kva personar ynskjer å bidra med og korleis kyrkja tek i mot idear og ynskjer:

- Frå Uskedalen:
«Kyrkjesida» v/ Kristian Bringedal
- Frå Nysæter:
«Etter skuletid» v/ John Oddvar Løkking
- Frå Stord:
Laurdagsgraut/søndagskaffi i kyrkjestova v/ Marit Langåker

3. Oppfølging

Margunn og Ola Ersland bidrog med viktige innspel til opplegg og plan for oppfølging av frivillige medarbeidrarar.

4. Lokalt arbeid med emnet

- Stord og Nysæter sokn: Det er i år gjort eit grundig arbeid med tema frivillig teneste i desse sokna. Anders Dahl og Oddbjørg K. Løkking delte frå dette arbeidet.
- Sveio: Her prioriterer dei årlege medarbeidarfestar. Arild Steinsland fortalte om dette. På neste side kan du og sjå bilete frå årets medarbeidarfest.

5. Samtalar soknevis

På prostidagen vart det og tid til samtalar om korleia arbeida vidare lokalt med dette emnet. I bladet kan de og lesa om nye tiltak.



6. Prostigudsteneste

Prostidagen vart avslutta med prostigudssteneste. Her talte sokneprest Per Hjemdal om Jesus som var på besøk hos sine vene i Betania, Per sa m.a.:

«Maria setter seg ved Jesu føtter og søker den gode del, mens Marta vandrer hektisk omkring, mer og mer irritert, må hun virkelig gjøre alt arbeidet selv?»

Herre, si til min søster...!

Jeg har også vært der. Herre, skal jeg stå i dette alene? Kan du si til min søster og bror i Kristus, at de må hjelpe meg? Kall og oppreis tjenere og arbeidere som er villig til å gå til arbeidet i vingården! Herre, bryr du deg ikke om at de lar meg gjøre alt arbeidet alene?

Vi prester var utpå sensommeren samlet på Rauland for å snakke om alle dere her som ikke er prester og ikke får betalt for å sitte her i kveld. Alle de som vi i samlet flokk kaller frivillige. Wow, hvis dere visste hvor takknemlige vi er for dere! Uten de frivillige er det simpelthen ingen kirke. Dvs. ingen levende kirke. Da var det kirkelige handlinger og gudstjenester der presten og organisten kjørte solo. Eller duett, da. Men vi takker alltid Gud for dere, skrev Paulus til menighetene han hadde besøkt. Det gjør vi tilsatte for alle de frivillige også!

Så kommer denne teksten. Marta, henvendt til Jesus: Herre, si til min søster ...! Men Jesu svar: Maria, hun som bare sitter her, er den som har valgt den gode del. Jesus, seriøst?! Umiddelbart synes det nemlig som om Jesus, ham vi elsker, ham vi tjener, løfter det å ikke tjene opp på et høyere, nesten et mer åndelig nivå enn vår tjeneste. Enda, mester, du ser vel at Marta strever for deg? At det er for at du skal bli betjent med mat og få krefter til å spre ditt ord om nåde, at Marta går her og styrer og steller. Det er for Guds rikes skyld. Du vet det? Og så er det hun som sitter der bare, med hendene i fanget, som har valgt den gode del?

Men hør: Det er ikke å sitte med hendene i fanget som er den gode del. Nei. Det er ikke Marias in-aktivitet som gjør at Jesus roser henne. Men det er at hun søkte Jesus. Og her er en annen sak: Det var ikke at Marta styrte og stelte og var travelt opptatt med å tjene Jesus som gjorde at Jesus sukket og ristet litt på hodet. Nei, det var greit, for all del. Gud vet at noen av oss ikke klarer å sitte stille. At noen av oss har lopper i blodet som gjør at dersom vi ikke står foran og preker, må vi riktig ta oss sammen for ikke å forstyrre de andre med våre bevegelser på stolen. Men også vi kan søke Jesus, på tross av vår rastløshet.»

Frivillige medarbeidarar i trusopplæringa på Stord



Å drive trusopplæring er eit arbeid og ei oppgåve som kyrkjelyd og tilsette står saman om. På Stord er me heldige som har mange frivillige medarbeidarar; med kompetanse, engasjement, gode idear, kontaktar, tilgjengelig tid, frå fleire aldersgrupper og både menn og kvinner.

Nokre av dei frivillige medarbeidarane er med på samlingar annakvar veke, andre er med nokre gonger i året, nokre er med som medhjelparar på gudstenester og nokre er med i trusopplæringsutval.

I kyrkjelydane på Stord har me arbeid med tankegangen i «Use your talents» som inneber å spør kva den enkelte har lyst å vera med på og lyst å gjera. Rekruttering av frivillige er eit kontinuerleg arbeid. Me tilsette er heldige som har frivillige medarbeidarar med på laget! Me kunne ikkje hatt eit så mangfaldig tilbod til barn og unge utan dei!

Elisabeth Fauskanger



Frivillige medarbeidarar i Sveio

I Sveio er det særskilt gode på medarbeidarfest. I slutten av kvart årsemester arrangerer dei tilsette fest for alle dei frivillige.

Her er bilete frå medarbeidarfesten dei hadde 24. november på soknehuset. 115 påmeldte til godt lag med stor biletserie (100 biletene) og tema - "kva har vi gjort i koronatida". Innlegg om gode møter i trusopplæring i denne tida ved kyrkjelydspedagog Haldis Rolfsnes Stueland og helsing frå ordførar Linn Therese Erve. Vokalgruppa for ungdom song. God mat og kake og god tid til drøs når dei endeleg kunne samlast igjen til medarbeidarfest.



Blomsterdiakoni i Valestrand og Førde sokn. Blomsterutdelingskomiteen under leiing av Solveig Brynjelsen, prosjektleiar frå soknerådet.



Søndagsskule 21. november 2021 under gudstenesta på Eikelands kapell. Lei av Ann Helen Velde og Haldis Rolfsnes Stueland (Skulle starta opp 15. mars 2020 - utsett pga korona)

Kultur- og frivilligpris

Eit lite stemningsbilete frå Etne kyrkje.

Organist Solveig Sørheim har samla folketonar frå Etne, mange av dei med religiøse tekstar. I desse dagar kjem dei ut i boka "Di gamle songadne." For dette arbeidet har Solveig fått Etne kommune sin kultur- og frivilligpris for 2021.

Nyleg var det råd å få høyra eit knippe av songar og melodiar frå boka i to av kyrkjene i Etne. Klostertrio, med nettopp Solveig Sørheim, samt Tore Kloster og Irene Simonsen spelte og song. Konserten baud på fleire songar etter etnesbuen Tor Ekrheim (1894 – 1963), i ei blanding av både religiøse tekstar, kjærleiksviser og ei god rallarvise. Forteljar og bonde Steinar Aalvik batt programmet saman med sine underfundige og gode forteljingar.



Kyrkjekafé i Valen kyrkje

I haust har Husnes og Holmedal sokneråd starta opp med kyrkjekafé i Valen kyrkje. Kvar 3. onsdag i månaden frå kl. 11-13. Me starta i oktober og satsar på å ha dette framover.

Då er det høve å kjøpa vafler og kaffi. Eventuelt overskot skal gå til MaMa children på Filippinenes misjonsprosjektet vårt. Ein kan koma og gå, alt etter kor mykje tid ein har. Me har ikkje anna program enn at det er tid for ein prat om laust og fast. Litt etter modell frå leseværelse på sjømannskyrkjene.

Kyrkjekaféen er open for deg som har lyst på vafler og ein prat og har litt ledig tid 3. onsdagen i månaden framover. Gamal eller ung, kvinne eller mann. Stikk innom!

Liv Slettemark

Studietur



I heile år har prestane arbeidd med emnet «Frivillige teneste». Eit høgdepunkt var studieturen til Rauland i slutten av august. Prestane hadde førebudd ulike faglege tema og la fram eigne utviklingsprosjekt.

Stephen Sirris, profesor ved VID Oslo foreleste om tema og vi fekk besøk av Asgeir Sele, prost i Øvre Telemark.



reSTART

Det var stor glede då samfunnet opna opp i haust. I bladet finn du ulike tiltak, m.a. frå soknerådsleiar i Stord Anders Dahl si helsing og bøn. Når «fra fjord og fjære» no går i trykken, har vi fått meldingar om at det på nytt vert restriksjonar.

Velkommen!

«Kveldssamlingen er en del av et initiativ fra soknerådet som vi har kalt reSTART. I en lang periode kunne vi ikke komme til kirka på gudstjeneste som før, selv om vi nå har kunnet det en stund – riktignok med mer avstand og en antallsbegrensning vi ikke har vært vant til. Tenk at vi feiret påske uten fysiske gudstjenester! Det hadde jeg ikke trodd jeg skulle oppleve.»

Nå har samfunnet åpnet opp og kirka er igjen åpen som før. Vi kan samles uten avstand, vi kan ta hverandre i hendene og til og med gi hverandre en klem når vi har lyst til det! Det feirer vi med reSTART-helg – og jeg synes det er kjekt å være på kveldssamling igjen.»

reSTART

Hva har denne perioden lært oss? Hva har vi savnet? Og hva er det vi kommer tilbake til? Hvilke muligheter gir en sånn reSTART oss? Å være kirke handler for meg om flere ting, men mye handler om to viktige punkt:

- 1) Å fortelle videre det vi har hørt og sett om Jesus.
- 2) Å utgjøre fellesskapet hvor vi styrker hverandre og går veien sammen som disipler på en livslang reise med tro og tvil, oppturer og nedturer. Det fellesskapet som har overlevd kriger, forfølgelser, pandemier og undertrykkelse. Det fellesskapet som gjør at oppgaven som disippel ikke skal bli for tung for meg som enkeltmenneske – fordi oppdraget er gitt til oss som fellesskap.

For min del tenker jeg at vi som kirke har klart å opprettholde den første delen av dette gjennom digitale gudstjenester og andre tiltak som har holdt rytmen i kirkas liv og oppdrag i gang. Men når det kommer til kirka som fellesskap kommer vi ikke langt med digitale gudstjenester. Mange har kjent på en lengsel etter å møte andre både i og utenfor kirka. Mange har kjent på ensomhet og det går ut over oss som mennesker – og kanskje har det også gått utover troen vår. Det er min drøm at denne reSTART-helga blir startskuddet på å bygge opp igjen kirka som fellesskap her på Stord. Nå har vi muligheten til å begynne litt på nytt – og det er opp til oss å begynne å være kirke sånn som vi vil at kirke skal være igjen. Når dere kom i dag, stod det «Velkommen heim» på skjermen.

Min drøm for kirka er at den oppleves som en god familie. Et sted å komme hjem. Der du er regnet med og har din egen plass. Der du vet at det er noen som kjenner deg, og der du kan være deg selv og bidra med det du er og har. Jeg håper mange benytter anledningen både i reSTART-helga og i tida framover til å møte opp og være sammen som menighet igjen – så vi bygger opp igjen både gamle og nye relasjoner – og kanskje blir vi en sterke familie enn vi var før pandemien?

Anders Dahl



Bøn
v/ soknerådsleiar
Anders Dahl, Stord

Allmektige Gud!

Takk for at vi får vere di kyrkje på Stord. Takk for alt du har skapt oss til å vere, og for alle ressursane du har gjeve oss. Takk for livet og gleda, og for skjønnheita i liv som levast! Takk for løfta og truskapen - at du ber oss når vi ikkje orkar å gå sjølv. Takk for at det som ikkje er mogleg for menneske likevel er mogleg for deg! La di vilje skje her hjå oss.

Jesus,

Takk for at vi får gå saman med deg. Takk for at du har gått rundt på jorda, kjent på å vere menneske - og vist oss at du både er Gud og menneske. Takk for at du døydde for mine synder.

Hjelp oss å sjå som du ser. Vis oss kven du ville sett og gått til på Stord i dag. Hjelp oss å opne auga og løfte blikket. Kven treng å møte meg - og kven treng eg å møte? Lær oss å møte menneske med ditt sinnelag - med ubetinga nåde og radikal sanning. Hjelp oss ikkje å måle andre si tru eller synd, men å invitere til fellesskap og peike på deg.

Heilage Ande,

Gjer oss til ei kyrkje og hjelp oss å elska kvarandre. La andre sjå at vi er dine disiplar på korleis vi omgåast kvarandre. La oss kappast om å heidre kvarandre, og la oss tørre å vere synleg som kyrkje. Gjer oss nysgjerrige i trua og kall oss til fellesskapet så vi kan vere kyrkje saman!

fra fjord og fjære

Jubileumsbasar i Nysæter kyrkje



Endeleg, 23. oktober kunne me invitera til basar i Nysæter kyrkje. Basaren var eit av fleire arrangement denne hausten med overskrifta: 30 års jubileum for Nysæter kyrkje.

Det var eit av dei første større «opne» arrangement etter at restriksjonar og avgrensingar var oppheva. Det vart ein fest. Dei ca. 150 frammøtet gledde seg over å kunne samlast, stemninga var god, dei var rause med loddkjøp, og mange fekk med seg heim flotte gevinstar. Dei flittige damene i kyrkjeringen hadde – som alltid - ei mengd med svært flotte handarbeid.

Og andre hadde og kome med ymse fint arbeid, eller kjøpt noko som dei ville gje til basaren. Loddsaget på førehand gjekk og svært bra. Ikkje minst var det mange som nytta siste høve til å ta lodd på bøkene på sjølve basardagen. Bankterminalen vart flittig nytt, det vart VIPPSA og folk fann fram kontantar. Skikkeleg basarstemning. Åresal og gratis kaffi og kaker. Og ikkje minst god stemningsmusikk. Homlebandet spela så det «rykka i dansefoten». Og resultatet? Ca. 100 000 netto. Det er me nøgde med og takksame for.



Messe for en såret jord



På fjerde forsøk vart endeleg kyrkjekoret Sanctus si 25-årsmerking landa i Nysæter kyrkje. Med desse utsetjingane vart messa ein del av Nysæter kyrkje si 30-årsmerking. Søndag 7. november framførte eit utvida kyrkjekor Erik Hillestad og Ketil Bjørnstad si Messe for en såret jord. Det vart ei flott framføring som folk sette stor pris på.

Musikalsk er denne messa crossovermusikk, her er element av både klassisk, pop, rock og jazz i ei messe. Frå roleg Introitus, via spenstig Gloria til eit meir rocka Credo. Til slutt roar det heile seg ned med Velsigninga: «Herre gi jorden fred».



Øystein Heide Aadland hadde fått med seg fire profesjonelle musikarar og i tillegg ein student frå Rytmisk utdanning ved universitetet i Kristiansand. Her var sopransolist, tangent, el-gitar, el-bass og slagverk. Kantor Bjarte Aadland var dirigent og prosjektleiar. Sokneprest i Nysæter – Jørgen Knudsen gjorde teneste i messa.

Mange kom på konserten og fekk oppleva ei spennande og utradisjonelle messa i Nysæter kyrkje. Ordførar Gaute Straume Epland bar fram ei hyggeleg helsing. Det var og helsingar frå representantar frå Norges kirkesangforbund og Bjørgvin kirkesangforbund.

Foto: Magne Langåker



Nattcup på Husnes

Sjeldan har KRIK Husnes samla fleire ungdomar i Husneshallen enn det dei gjorde under årets utgåve av den tradisjonsrike nattcupen.

– Me har ofte lege rundt 300 personar innom arrangementet, for to år sidan var det rundt 250. Men i år var det ein stad mellom 400 og 450 personar. Det er veldig kjekt å sjå, seier Jan-Ove Fagerheim.

Det er tydeleg at nattcupen i innebandy har vore eit etterlengta arrangement for kvinnheradungdomen, etter eit års fråvær som følgje av pandemien. Noko også påmeldinga til sjølvé innebandyturneringa viste.

– Det var 29 lag som stilte til start, seier Fagerheim. Det er ein god del fleire enn dei 11 som konkurrerte då nattcupen sist gjekk av stabelen for to år sidan. Sjølv om innebandyturneringa er sjølvé rosina i pølsa denne kvelden, var det som vanleg flust av andre sosiale tilbod ein kunne bli med på. M.a. i nattkafeen kor ein anten kunne slå kameraten i Fifa, eller berre slå av ein prat.

Vellukka arrangement

I sjølvé turneringa vart det totalt spelt 48 kampar og scora 192 mål fordelt på dei tre klassane; jenter, ungdomsskule og vidaregåande.

– Eg sit att med eit inntrykk av at dette vart eit vellukka arrangement. Og det er deilige å oppleve at det er mange år sidan me har kjent på det spøkelset med rusproblematikk rundt nattcup-arrangementet. Noko vi først og fremst kan takka dei flotte ungdomane for, men òg dei vel 75 frivillige som stiller opp og gjer det mogleg for oss å arrangera denne cupen, seier Fagerheim.

Overraska av stiftinga

Under årets opningsseremoni deltok Farmen-presten Thor Haavik og nokre ungdomar frå Bergen med program. Seinare på kvelden delte soknepresten i Etne, Per Hjemdal, nokre tankar med ungdomane. Her dukka det plutselig opp to representantar frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad med ei stor overrasking. Dei hadde nemleg vedteke at dei ville gje ei pengegåve på 50.000 kroner til KRIK Husnes og nattcupen.

– Det varmar med ei slik overraskande gåve. Eg fekk heilt bakoversveis over storleiken på gåva, seier Fagerheim.

*Marius Tveit Nissestad
Grenda*

Fleire bilete på www.kriknattcup.no



Innsetjing av sokneprest Egil Larsen Skånevik kyrkje 26. september


Kyrkjelyden var samla til fest i Skånevik kyrkje. Prosten leia innsetjing av Egil Larsen som sokneprest, og soknepresten gjorde ei fin teneste på gudstenesta. Rett etter gudstenesta var det gode helsingar m.a. frå Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, ordførar i Etne, ho minna m.a. om at det mange stadar er vanskeleg å rekruttera prestar og gledde seg over Egil si tenesta. Så inviterte soknerådet til kyrkjecaffi på kyrkebakken med gode kakar og god drøs.

På biletet ser me frå venstre:

Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, soknerådsleiar Astrid Askeland Johnsen, sokneprest Egil Larsen, prost Svein Arne Theodorsen, organist Rebekka Attramadal og klokkar Magny Lygre.



Lysmesser



Visitas Fitjar

Visitasforedrag ved bispevisitas i Fitjar 30. nov – 2. des og 5. des 2021

Kjære Fitjar kyrkjelyd!

Takk for ein fin visitas her i Fitjar. Eg har fått eit godt inntrykk av folket og bygda gjennom møter med staben, soknerådet, kommunen, skulen, konfirmantane, næringslivet og ikkje minst på den flotte kulturkilden på tysdag. Eg har lært mytt om både lakseoppdrett, Fitjar si historie frå Håkon den gode til i dag og det gode arbeidet som skjer i kyrkje og bedehus her i bygda.

Etter ein visitas skal biskopen oppsummera sine inntrykk i dette visitasforedraget, som er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Svein Arne Theodorsen.

Gudstenestelivet

Gudstenesteframmøtet er godt i Fitjar. Men det kjem ikkje av seg sjølv, difor må me oppmuntra kvarandre til å gå regelmessig. Her hører me til, her får me næring for vårt åndelege liv og her skal me saman æra den treeinige Gud.

Difor er det flott at de har eit gudstenesteval som arbeidar med kvaliteten og kyrkjemusikken. I det heile er de flinke til å involvera kyrkjelyden som medarbeidarar i gudstenestearbeidet. De har eit stort korps av kyrjevertar, frivillig klokktarne, blomeansvarlege, nattverdkalk-vaskarar og kyrkekaffiansvarlege. Og mitt inntrykk er at de arbeidar aktivt med spørsmålet: Korleis gjera gudstenesta relevant for fleire? Korleis kan unge menneske få gode gudstenesteopplevelingar? Eg trur de er på rett spor nå de drøftar bruken av band og annan musikk og involvering av ungdom. Det går an å gjera eit par av dei forordna gudstenestene til ungdomsgudstenester dersom de vil det.

Gudstenester på nettet

Det er imponerande at de i Fitjar har klart å senda gudstenester på nettet heilt frå fyrste koronasøndag i 2020. Eg vil gje ros til alle som har vore med og særleg til kantor og kyrkjeverje Jan Overweg som tok initiativ og starta med mobiltelefon og har sørga for oppgradering av det tekniske nivået. At dette betyr mykje, er heva over ein kvar tvin. Folk som er einsame, har dårlig helse, er vekkreiste eller av andre grunnar ikkje kan vera fysisk til stades, får no del i Guds ord og fellessopplevinga i gudstene sta – så langt det let seg gjera. Dette er eit evangelisk arbeid for å nå ut med den gode bodskapen. Og det lukkast de med, det ser ein av dei høge sjåartal på nettet. Dette må de halda fram med og utvikla vidare. Det er nok lurt å få til ei gruppe frivillige, ei mediagruppe, som kan dela på ansvaret slik at dette bli mindre sårbart.

Kyrkjemusikk

Kyrkjemusikken er med å løfta gudstenesteopplevelingen. De har ein dyktig kantor som har starta kyrkjekor og som kan involvera musikkarar, har konserter og bidrar til at kyrkjemusikken vert opplevd som berikande ved både gudstenester og kyrkelege handlingar. Det er også spennande at de har hatt temakveld om «Ei musikalsk reise gjennom liturgien».

Vaksenundervisning

Eg vil gje ros for at de har stått på i nesten 30 år med temakveldar for vaksne. Det var vel fortent at de fekk både prostirådet sin frivilligpris og Fitjar kommune sin kulturpris. Det er viktig at det finst tilbod der ein kan læra om trua og som vaksen og gje rom for aktuelle tema og samtale.

Trusopplæringa

Trusopplæringsarbeidet er godt og kreativt med stor oppslutning. Det er til og med over 100 % av målgruppa på babysong og fleire av tiltaka før skulealder. Det skal den dyktige kyrkjelydspedagogen ha sin del av æra for, saman med alle frivillige som er med.

Det er også høg konfirmasjonsprosent, og eg er glad for at de satsar på møteplassen som kallast «Vidare» for dei etter konfirmasjonen. Her får ungdommen samtale med vaksne og stille spørsmål om trua og livet. Det er eit framifrå tiltak. Fortsett med det! Så er det også fint at ein saman med bedehuset klarar å gje eit godt tilbod som Ten-treff på fredagane. Skal ein gå vidare, må de vurdera eit leiartreningsstilbod, gjerne saman med organisasjonane eller andre kyrkjelydar.

I samanheng med trusopplæringa er det også naturlig å nemne barnehagen som kyrkjelyden driv. Takka vere ei god leiing og dyktige medarbeidarar har til saman mange hundre barn gjennom åra her fått eit godt oppvekstmiljø som også inkluderer eit tidleg møte med den kristne trua.

Frivillig teneste

Eg gler meg over alle som gjer ein frivillig innsats i kyrkjelyden. Det er godt for dei sjølv og dei får bety noko for andre. Det er imponerende mange utval og nemnder i kyrkjelyden. Men med mange frivillige trengs det også nokon som kan støtta dei og ta seg av nødvendig organisering og oppfølging. Tidlegare hadde de ei frivillignemnd, men den er ikke i funksjon no. Kanskje må de få opp igjen denne nemnda, eller de må skaffa nokon som kan vera ein koordinator for det frivillige arbeidet. Mange stader har dei ein frivilligkoordinator som gjer det. Det kan vera ein del av ein stilling retta mot diaconi, eller ein i staben. Ein slik prosentstilling kan vera mogeleg å få til med gjevarteneste.

Diakoni

Diakonien fungerer i Fitjar, det er bra. De har ei diakoninemnd som sørger for blant anna to pensjonistturar i året, blomehelsingar, og ei besøkstene med heile 20 frivillige. I tillegg kan dei som er einsame følga gudstenesta heime på nettet. Det er godt og viktig diakonalt tiltak.

Samarbeid med bedehuset

Det er gledelig å høyrer om eit aktivt bedehus med mykje godt arbeid her i Fitjar. Mange stader i bispedømet er det diverre ikkje slik lenger. Eg veit at det har vore uro også her i Fitjar, men eg er glad for at ein ser at ein når lenger i Guds rike ved å arbeida godt saman.

Strategiarbeidet

Fitjar sokneråd skal ha ros for at ein har eit eige strategiutval. Ein har starta eit godt strategiarbeid der ein tar tak i dei utfordringane ein ser. Det er bra at ein har eit godt utsyn og har med både kva kyrkja kan bety i bygda og utanfor bygda i den verdsvidde kyrkja. Her må de halda fram som de stemner, så strategien kan føra til ein handlingsplan med målbare tiltak.

Gjevarteneste

Når ein har ein god strategi, må ein også skaffa seg musklar til å setja det ut i livet - økonomiske musklar. Me treng å minna kvarandre om at kyrkja treng

meir enn det me får frå kommunen dersom me skal nå ut til alle i bygda. Då må me gjera som kyrkjene rundt i verda, gje til eige arbeid, til dei aktivitetane som kommunen ikkje er pålagd å dekka.

De hadde ei velfungerande gjevarteneste den tida de hadde kyrkjelydsprest og no er det på tide å få den opp igjen. Då må ein vera konkret så folk ser kva dei gjev til, anten det er ei stilling som frivilligkoordinator, innan trusopplæring eller diaconi eller noko anna. Den må gjerne ha fleire alternativ, så ein kan gje til det som står eins hjarta nærest. Då kan ein utfordra nye folk, sjølv dei som ikkje enno er kyrkjegjengarar, til å bli med på ein dugnad for eit godt arbeid.

Takk til kommunen

Eg vil takka kommunen for eit godt møte med kommunaleiinga. Eg set pris på at ordføraren har vore med på fleire møtepunkt i visitasen. Det viser at her er det ein god dialog, og at kommunen ser det viktige bidraget som Fitjar kyrkjelyd gjev til å bygga eit godt samfunn for alle. Eg vil særskilt nemne at eg er glad for at kommunen har sagt at dei no vil vera med å få til ein parkeringsplass for rørslehemma nær kyrkja.

Takk

Til slutt vil eg sei takk for ein god visitas med mange gode opplevelingar. Eg vil takka sokneprest Roald Drønen, heile staben, soknerådet, kyrkjeverja og alle de som dagleg legg ned ein stor arbeidsinnsats i kyrkjelyden. Ei særleg takk til Roald Drønen og Hermann Inge Ådland som har hatt hovudansvaret for å skrive visitasmeldinga! Den er velskriven og inneholder mykje god informasjon.

Takk til staben og frivillige for god førebuing, tilrettelegging og gjennomføring av visitasen. Takk også til prost Svein Arne Theodorsen som har vore med å planlegga og gjennomføra denne visitasen og som er biskopens utstrekte arm til Fitjar når biskopen ikkje er her.

Så får de nokre utfordringar som summerar opp denne visitasen. Om eit år vil eg ha ei tilbakemelding om korleis de har arbeidd med dette:

- Gå til gudsteneste regelmessig både for dykkar eiga skuld og for å gje Guds ære.
- Det gode arbeidet med gudstenester på nettet må halda fram. Lag ei mediagruppe slik at dette ikkje vert så sårbart, men ein fast del av kyrkjelyden sitt liv.
- De må vurdera om de treng ei stilling for ein frivilligkoordinator.
- Fullfør det gode strategiarbeidet med ein målbar handlingsplan.
- Gjevartenesta må de få opp å gå igjen.

Og med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå Fitjar med mange flotte inntrykk. Eg takkar for desse dagane og ynskjer Guds signing over folket og kyrkja i Fitjar!


Bjørgvin bispestol, 5. desember 2021

Halvor Nordhaug



Foto: Torbjørn Hovland

Foto: Torbjørn Hovland



Takk

Etter visitasforedraget var det helsingar og kyrkje-kaffi. Biskop Halvor Nordhaug, som også holdt preika på visitasgudstenesta - så bilete over til venstre, vart takka av m.a. soknerådsleiar Svein Lunde som overrekte biskopen eit eksemplar av jubileumsboka for Fitjar kyrkje frå 2017.

Det var mange som gav uttrykk for at det hadde vore ein god visitas, mellom dei var sokneprest Roald Drønen, biskop Halvor Nordhaug og prost Svein Arne Theodorsen – så bilete over.

Visningssenter

Det var eit variert program på visitasen, m.a. eit bedriftsbesøk på Engesund Fiskeoppdrett. Visningsvert Karina Bunes gav ei god innføring i verksemda og opplæring i fjernføringsstudioet, så bilete over til høgre.

Karina var også skipper ut til visningssenteret, på bilete til høgre ser vi biskopen og kyrkjefagsjef Tore Skjæveland tek på seg redningsvest.

På visningssenteret fekk biskopen med følgje servert treretters middag. På bilete til venstre introduserer meisterkokken Michael Reddington frå Irland forretten for biskopen.

Under middagen var det historisk foredrag ved Christer S. Aarbø, leiar i sogelaget.



Høyring

I haust har Kyrkjerådet gjennomført ein grundig høyringsprosess om kyrkjeleg organisering. Sokne- og fellesråd har kome med uttale, det har og fleire kommunar gjort.

Tysdag 21. september vart det gjennomført eit høyringsmøte på Stord der om lag 90 var til stades.

Jan Ove Fjellteit, stiftsdirektør i Bjørgvin gav ei innføring i høyringa. Møteleiarar var kyrkjeverje Liv Kari Bru, Stord og prost Svein Arne Theodorsen.

Julefeiring

Samtale med Sammy Olsen, ordførar på Bømlo.

Sammy Olsen vart ordførar på Bømlo i 2019. Han har sidan 16 – 17 års alder vore kystfiskar. Han har og nokre saue på heimagarden. Sammy er fødd og oppvachsen som nærmeste nabo til Bremnes kyrkje. No bur han litt sør for sentrum på Svertland.

Nært forhold til kyrkja

Sammy har alltid på alle vis hatt eit nært forhold til kyrkja. Som liten gut var han med opp i tårnet og drog i tauet når det var kimer. Han minnes når det var kald austavind og han var med å fyrte i omnen i den store kyrkja. Då han var liten var det lite skog å hogga på. Då fyrte dei med kol. Kolbåten kom frå Bergen til Urangsvåg. Sammy minnest at dei som kom tidleg til kyrkje, gjerne sette seg rundt omnen.

Førjulstida

Eg har mange gode minne frå mi barndoms jul, det gjeld og tida med førebuing av jula. Noko av det første som hendte i desember var at slaktaaren kom til oss. På garden hadde me gris som skulle slaktast til jul. Etter at grisen vart slakta, parterte bestemor grisen, ho hadde kunnskap om slikt. Så laga ho m.a. julesylte.

Eg minnest og at me hogde julatre. Me hadde ein del norsk gran på garden. Far min sa at me tynna litt. Så bar me trea heim på ryggen. Eg var og med og selde julatre.

Song og musikk

Song og musikk har alltid vore viktig for meg. I musikklaget spelte eg trumpet. Det har eg hatt mykje glede av, ikkje minst det året eg gjekk på Tonheim folkehøgskule der eg fekk god undervisning.

Det er mykje fin julemusikk. Eg minnest med glede julakonserten i kyrkja. Her har eg vore med mange gonger. Det var fullt i folk, ofte ein lang konsert. Musikklaa spelte og fleire kor m.a. Havdur tok del med song.

I mange år har eg hatt stor glede av å syngja i Bremnes kantori. Me syng og på gudstenester. Gudstenesta julaftan er viktig for meg.

Julefeiringa i heimen

Me hadde pinnakjøt julaftan. Sau hadde me på garden, kjøtet vart turka, heime vart maten laga frå botnen av. Til dessert var det riskrem. Me var åtte sysken, så det var ikkje spesielt roleg og stille.

Som barn hadde eg og forventningar til pakkanne. Mest var det heimastrikkja bruksting. Ekstra stas var det med harde pakkar. Eg minnest godt då eg fekk min fyrste tollekniv.

Juletrefestar

Heime var det tradisjon for å gå på julatrefestar. Det var kjekt å vera med på. Eg gjekk på søndagsskulen, og der hadde vi julatrefest i romjula. Me var og med på julatrefest på IOGT – losjen og i fleire andre krinsar.

Julebodskapen

Jesu fødsel ligg der sentralt i vår kristne tru. Far min sa at me må ikkje gløyma barnalærdomen. Den kristne trua har forma mykje i samfunnet vårt og den kristne arven er tydeleg på Bømlo. Tenk at dei i 1869 bygde den stora Bremnes kyrkje, dei vart framsynte, kyrkja var mykje større enn det var trond for då.

Velsigna julehøgtid

Eg kjenner at eg vart litt skuffa då me fekk meldinga om nye koronarestriksjonar, å m.a. avlysa julakonsertar er ikkje kjekt. Me får gjera det beste ut av det. Kan hende er det nokon som har særleg trond for hjelp i jula, då er det godt at me alle kan hjelpe kvarandre.

Eg ynskjer alle lesarane av det tradisjonsrike julebladet «fra fjord og fjære» ei velsigna god jul.




Foto: Bømlo kommune

Gudstenester i Sunnhordland prosti i jul og nyttår

Velkommen til kyrkje jule- og nyårshelg. Her finn du oversikt over gudstenestene slik dei er fastsett pr. 14.12. Grunna smittesituasjonen kan det bli endringar. Det er krav om at alle vert registrert, ta gjerne med lapp når de kjem til kyrkja. Ein får tilvist plass, det er krav om ein ledig stol/ein meter mellom kvar husstand. Alle over 12 år brukar munnbind når ein ikkje sit på plassen sin. Maks deltakartal er 50. For info om eventuell påmelding sjå m.a. lokale heimesider. Ved nokre gudstenester vert det digital overføring, sjå informasjon om dette.

Bømlo

Det blir strøyma gudstenester utan fysisk frammøte i kyrkja på Bømlo i julehelga:

Julaftan

Bremnes kl. 12.00 direktesendt

1. Juledag

Bremnes kl. 11.00 direktesendt

2. Juledag

Bremnes kl. 11.00 direktesendt

Nyårsdag:

Bømlo kl. 11.00

Etne

Julaftan

Fjæra kl. 13.00

Etne kl. 14.00, 15.00 og 16.00*

Skånevik kl. 15.00 og 16.00

1. Juledag

Skånevik kl. 11.00

Etne kl. 12.00*

Nyårsaftan

Skånevik kl. 17.00

Nyårsdag

Etne kl. 12.00*

* vert sendt live facebook.com/etnekirke

Fitjar

For endringar, sjå heimeside og Sunnhordland.

[Alle gudstenester vert direktesendt på www.kyrkja.no/fitjar](http://www.kyrkja.no/fitjar)

Julaftan

Fitjar kl.14.30 og 16.00

1. Juledag

Fitjar kl.11.00

2. Juledag

Fitjar kl. 19.00

Ungdomsgudsteneste

Nyårsaftan

Fitjar kl. 23.00

Nyårsdag:

Fitjar kl. 12.00

Sveio

For endringar, sjå heimeside og Vestavind.

Julaftan

Eikeland kl. 14.00

Førde kl.15.00

Valestrand kl. 16.00

Sveio kl. 14.30* og 16.00*

1. Juledag

Sveio kl. 12.00*

Nyårsaftan

Sveio kl. 23.15*

Nyårsdag

Førde kl. 18.00

* Alle gudstenester frå Sveio kyrkje vert streama på facebook.com/Sveiokirkja

Kvinnherad

Julaftan. Påmelding.

Hattestrand kyrkje kl. 13.00

Holmedal kyrkje kl. 13.30

Fjelberg kyrkje kl. 14.00

Åkra kyrkje kl. 14.00

Uskedal kyrkje kl. 14.00

Ølve kyrkje kl. 14.00

Eid kyrkje kl. 14.30 og 16.00

Husnes kyrkje kl. 15.00 og 16.15

Valen kyrkje kl. 16.00

Ænes kyrkje kl. 16.00

Varaldsøy kyrkje kl. 16.00

Kvinnherad kyrkje kl. 16.15

[Streama julaftangudsteneste for heile Kvinnherad.](http://www.kvinnherad.kyrkja.no)

Sjå www.kvinnherad.kyrkja.no

1. Juledag

Husnes kl. 12.00

Eid kl. 12.00

Kvinnherad kl. 12.00

2. Juledag

Hattestrand kl. 11.00

Nyårsaftan

Eid kl. 16.00

Nyårsdag

Kvinnherad kl. 17.00

Familiegudsteneste

Stord. Påmelding.

Julaftan

Stord kl. 13.30, 14.45 og 16.00

Nysæter kl. 13.30 og 15.00

Huglo kl. 15.00

1. Juledag

Stord kl. 12.00

Nysæter kl. 12.00

2. Juledag

Stord kl. 11.00 og 12.30

Felles minnegudstenester

Nyårsaftan

Stord kl. 23.00

Nyårsdag

Nysæter kl. 12.00

Tysnes

Julaftan. Påmelding.

Reksteren kl. 11.00

Uggdal kl. 12.30

Tysnes kl. 14.00

Onarheim kl. 16.00

1. Juledag

Tysnes kl. 12.00

2. Juledag

Tysnes omsorgssenter kl. 11.00

Nyårsdag

Onarheim kl. 12.00